

**Notat: Kommunereform – Nordhordlandsalternativet
Konsesjonsavgift – Modalen – forvaltast av eit lokalstyre**

Knarvik, 19. februar 2016

Innleiing

På møte i forhandlingsutvalet 9.februar presenterte ordførar i Modalen kraftinntektene som kommunen har og bakgrunnen for desse. Modalen argumenterte for at den delen av kraftinntektene som er konsesjonsavgift bør tilfalla det som i dag er Modalen kommune. Responsen som ble gitt i møtet var positiv til dette kravet.

Kraftinntekter i Modalen

Brutto kraftinntekter til Modalen kommune var i 2015 om lag kr 42,8 mill. Det er berre naturressursskatten (kr 14,3 mill.) som inngår i inntektssystemet.

Tal i mill kr	Modalen 2015	Modalen Lokal styre	Nye kommunen	Kommentar
Konsesjonsavgift	5,3	5,3		Inngår ikkje i inntektssystemet
Konsesjonskraft	-		5,0	Inngår ikkje i inntektssystemet - avhengig av kraftpris
Naturressursskatt	14,3		14,3	Inngår i inntektssystemet
Eigedomsskatt	22,8		22,8	Inngår ikkje i inntektssystemet
Fiske, vilt m.m	0,4	0,4		Inngår ikkje i inntektssystemet - er knytt til lokale tiltak - må nyttast i Modalen
Totalt	42,8	5,7	42,1	

Argumentasjon for å behalde konsesjonsavgifta i Modalen

Modalen kommune har avstått verdifulle ressursar til storsamfunnet for å legge til rette for kraftproduksjon. Dei inngrepa som er gjort vil vere av evigvarande karakter. Dei inngrepa gir i lita grad arbeidsplassar når utbygginga er ferdig. Det gjer at lokalsamfunnet har få positive direkte gevinstar av ei slik utbygging.

Den inntektsordninga som er på kraftinntektene er for at lokalsamfunnet skal få ein kompensasjon for dei skader og ulemper som kraftutbygginga har medført. Inntektene skal også gje tilbake ein andel av verdiskapinga frå kraftproduksjonen.

Modalen sitt forslag er at det vert oppretta eit lokal styre i Modalen som forvaltar konsesjonsavgifta og dei midlane som kommunen får frå kraftselskap innan fiske og vilt lokalt i Modalen. Konsesjonsavgifta vert indeksregulert og er ikkje så direkte følsam for endring i kraftprisane. Det gjer at den inntekta er ganske forutsigbar.

Til gjengjeld vil den nye kommunen (Nordhordland) få resten av inntektene - som vil utgjere om lag kr 42 mill. På grunn av auka inntekter frå konsesjonskraft (67 GWH som i dag går til fylkeskommunen) som er om lag kr 5 mill. vil den nye kommunen ha nesten like høge inntekter som Modalen har i dag.

Forvaltning av midlane

Midlane skal inngå i kommunen sitt rekneskap på vanleg måte. Eventuelt overskott/underskott vert ført mot eit fond.

Midlane knytt mot konsesjonavgift skal nyttast til tiltak som er til det beste for innbygarane i Modalen. Dei skal nyttast til næringsutvikling, frivillig arbeid, kultur, idrett og lokal utvikling.

- Tilskot til næringsutvikling
- Tilskot til kulturtiltak
- Tilskot til tiltak i landbruket
- Etablerarstipend
- Støtte opp om idrett og friluftsliv
- Tilskot til bustadsetablering
- Tilskot til arbeid med omstilling og innovasjon.

Dei ordinære driftsoppgåvene som til dømes barnehage, skule, pleie og omsorg og helsetenester skal den nye kommunen ha ansvaret for å drifte på ordinær måte. Det vil gjelde dei tenestene som innbygarane i Modalen har krav på.

Organisering - mandat

Kommunestyret vel eit lokalutval i Modalen med heimel i kommuneloven § 10. Dei som vert valt til lokalutvalet skal bu i Modalen kommune. Utvalet skal også ha sekretariatsbistand frå administrasjon. Utvalet rapporterer på vanleg måte til kommunestyret. Utvalet skal forvalte konsesjonsavgiftene som kommunen har med grunnlag i Modalen kommune. Lokalutvalet kan også gi uttale i saker som særleg vedrører Modalen.

Utvalet har 5 representantar.